

Iren Arginskaya, Evgeniya Benenson,
Larisa Itina, Svetlana Kormishina

Natasha Blank, Kjersti Melhus, Gerd Inger Moe

MATEMATIKK

Nynorsk

1B

Grunnbok



BARENTSFORLAG

Iren Arginskaya, Evgeniya Benenson,
Larisa Itina, Svetlana Kormishina

Natasha Blank, Kjersti Melhus, Gerd Inger Moe

MATEMATIKK

• • • • • • • • • • • • • • • • • • • 1B

Grunnbok

Nynorsk



BARENTSFORLAG

Matematikk Grunnbok 1B er ein del av læreverket Matematikk 1- 4.
Læreverket dekkjer kompetanseområda for matematikk 1.-4. steg i læreplanen av 2013.

© Barentsforlag, 2017

1. utgåve, 2017

© FEDOROV Publishing House

Iren Arginskaya, Evgeniya Benenson, Larisa Itina, Svetlana Kormishina.

Matematikk 1 er eit russisk læreverk som er omsett og omarbeidd av Natasha Blank og Kjersti Melhus, Universitetet i Stavanger og Gerd Inger Moe, Smeaheia skole. Omsett til nynorsk ved Randi Klingsheim Bø, Universitetet i Stavanger.

Illustratør: Natalia Fomina

Trykkeri: Neografia, Slovakia

ISBN 978-82-92562-56-7

Materialet i denne boka er omfatta Lov om opphavsrett til åndsverk.

I følgje Lov om opphavsrett til åndsverk er det ikkje tillate å kopiere eller mangfaldiggjøre denne boka eller delar av ho utan skriftleg tillating frå dei som innehavar copyright. Kopiering i strid med lov eller avtale kan medføre erstatningsansvar og inndragning, og kan straffast med böter eller fengsel.

Vi gjer merksam på at i denne boka er ordet antal brukta, sjølv om det er eit ord som ikkje er tillate i nynorsk rettskriving. Vi har valt å bruka det for å få fram skilnaden på tal generelt og kardinaltal.

Har du spørsmål i samband med utgjeving av læreverket, ta kontakt med:

Barentsforlag

Fr. Nansensgt. 11

9900 Kirkenes

www.barentsforlag.com

E-post: post@barentsforlag.com

INNHOLD

Addisjon og subtraksjon.....	6
Slik målte og måler menneske lengder.....	12
Addisjonstabell	19
Einsifra og tosifra tal.....	58
Likningar og løysing av likningar	80
Addisjon med tiarovergang.....	104
Subtraksjon med tiarovergang	121
Kva har eg lært i første klasse?.....	133

TEIKNFORKLARINGAR

-  Hovudmål for timen – nytt stoff
-  Repetisjonsoppgåve eller frittståande oppgåve
-  Stoff som du etter kvart skal hugsa
-  Diskusjonsoppgåver
-  Gjer denne oppgåva i ei arbeidsbok med ruter
-  Bruk blyant med denne fargen
- Utviding av oppgåve

*Naturens si store bok er skriven
med matematiske symbol.*

Galileo Galilei

Kjære førsteklassing!

Du har sikkert oppdaga at det å arbeide med matematikk utviklar hjernen din. Det gjer deg meir merksam, uthaldande, nysgjerrig og oppfinnsam.

La oss sjekke om dette er sant. På biletet skjuler det seg nokre matematiske teikn og symbol. Klarer du å finne dei?



ADDISJON OG SUBTRAKSJON

1

Sigurd, Leah og Espen fann verdien av summen $5 + 4$ på forskjellige måtar.



Forklar korleis Sigurd fann verdien av summen.



Forklar korleis Leah fann verdien av summen.




Sigurd

Leah

Korleis ville du lagt tala saman?

Espen sa: Eg fann verdien av summen ved å bruke følgja av dei naturlege tala. Slik gjorde eg:



Prøv å forklare Espen sin måte.

Samanlikn forklaringa di med følgjande:

Espen merkar av det første leddet (5) og hoppar eitt og eitt tal vidare mot høgre. Han hoppar 4 hopp vidare, sidan andre ledd i summen er 4. Talet han endar på til slutt er verdien av summen.

Prøv å finne verdiane av desse summane ved hjelp av Espen sin metode:

$$\begin{array}{|c|c|c|c|c|} \hline 5 & + & 2 & & \\ \hline \end{array} \quad 1 \quad 2 \quad 3 \quad 4 \quad 5 \quad 6 \quad 7 \quad 8 \quad 9 \quad \dots$$

$$\begin{array}{|c|c|c|c|c|} \hline 4 & + & 4 & & \\ \hline \end{array} \quad 1 \quad 2 \quad 3 \quad 4 \quad 5 \quad 6 \quad 7 \quad 8 \quad 9 \quad \dots$$

Kva for ein av dei tre strategiane likar du best?

- 2** Kva for siffer kan du finne på teikninga? Skriv kvart av siffera tre gonger.



- 3** Kor mange etasjar er det i kvart hus?
Har husa same høgde?



Kvifor har husa forskjellige høgder sjølv om dei har like mange etasjar?

4

Finn verdien av summen og differansen:

$$\boxed{5} \quad + \quad \boxed{3} \quad \boxed{} \quad \boxed{}$$

$$\boxed{5} \quad - \quad \boxed{3} \quad \boxed{} \quad \boxed{}$$

Kva kallar vi tal som blir lagt saman?

Tal i ein differanse blir også kalla ledd.

$$5 - 3$$

første ledd andre ledd

5

Kva for ein sum passar til kva for ein løysingsstrategi?

Vis ved å teikne strekar.


$$1 + 6$$




$$7 + 1$$



$$2 + 2$$



$$1 + 1$$




I kva for ei retning går pilene? Kvifor?

6 Skriv nummeret på biten som manglar.



7 Her er to linjestykke, AM og OK. Kor mange delar er det i kvart linjestykke?



Er linjestykka *AM* og *OK* like lange? Grunngje svaret.

8 Skriv av differansane og finn verdiane av dei:

$$8 - 4$$

$$4 + 1$$

$$6 - 2$$

$$9 - 7$$

Kva kallar vi tal som inngår i ein differanse? _____

9

Kva er likt for dei to talfølgjene? Kva er ulikt?



1 2 3 4 5 6 7 8...

0 1 2 3 4 5 6 7...

Kva for ei av dei to talfølgjene er følgja av dei naturlege tala? Kvifor kan vi ikkje kalle den andre følgja for følgja av dei naturlege tala?

0 er ikkje eit naturleg tal.


0 er mindre enn kva som helst naturleg tal.

Kva for tal er minst? 0 eller 9?

(Strek under svaret) 1 eller 0?

10

Kva er forskjellig for dei to grytene som er bundne saman med linja? Kva er likt?



- Finn grytepar som har tre forskjellar, to forskjellar, ein forskjell og, til slutt, ingen forskjellar.

11

Skriv ein differanse der første ledd er 7 og andre ledd er 2.
Finn verdien av differansen.

--	--	--	--	--

12

For kvar sum, teikn strek til ein løysingsstrategi som passar.

1 2 3 4 5 6 7 8 ...

$$2 + 6$$

1 2 3 4 5 6 7 8 ...

$$1 + 5$$

1 2 3 4 5 6 7 8 ...

$$4 + 2$$

1 2 3 4 5 6 7 8 ...

- Kva for ein sum passar til den løysingsstrategien som er igjen?
Finn verdien av summen.
- | | | | | |
|--|--|--|--|--|
| | | | | |
|--|--|--|--|--|
- Kva for tal startar du på? Kor mange hopp brukar du for å finne svaret? Grunngje.

13

Kor mange frukter er det på kvar grein? Kor mange frukter er det på kvart tre? Lag summar og finn verdiane av dei.




--	--	--	--	--

--	--	--	--	--

--	--	--	--	--


Strek under ledda med grønt og verdiane av summane med blått.

SLIK MÅLTE OG MÅLER





Slike måleiningar og målereiskapar brukte dei før i tida.

MENNESKE LENGDER



centimeter

desimeter



Slike måleeiningar og målereiskapar brukar dei nå.

14


Sjå på linjestykket AK . A — K

Dette linjestykket er 1 centimeter langt.

Vi forkortar centimeter til **cm**.

Lengda til AK er 1 cm.

Sjå på dei 4 linjestykka nedanfor. Linjestykket OM er 1 cm langt.



Kva for ein farge er det på linjestykket som er kortare enn 1 cm?

Kva for ein farge er det på linjestykket som er lengre enn 1 cm?

Kva for ein farge er det på linjestykket som har lengde 1 cm?

15

Finn verdiane av summane ved å hoppe langs følgja av dei naturlege tala.

2	+	1	<input type="text"/>	1	2	3	4	5	6	7	8	9	...
3	+	1	<input type="text"/>	1	2	3	4	5	6	7	8	9	...
4	+	1	<input type="text"/>	1	2	3	4	5	6	7	8	9	...
5	+	1	<input type="text"/>	1	2	3	4	5	6	7	8	9	...
6	+	1	<input type="text"/>	1	2	3	4	5	6	7	8	9	...
7	+	1	<input type="text"/>	1	2	3	4	5	6	7	8	9	...
8	+	1	<input type="text"/>	1	2	3	4	5	6	7	8	9	...

Kor mange hopp gjorde du for kvar av summane?

16

Samanlikn summane:



$$4 + 3$$

$$2 + 3$$


$$5 + 3$$

$$3 + 3$$


Kva er likt og kva er ulikt?

Fire elevar som skulle utføre addisjonen $4 + 3$, gjorde det på fire ulike måtar:


Tina: Eg startar i 4 og hoppar 3 hopp til høgre langs følgja av dei naturlege tala.




Thomas: Sidan $3 = 2 + 1$, så gjer eg slik:



Stian teikna følgjande:



Ella gjorde slik:



Kva for ein verdi fekk dei fire elevane til summen $4 + 3$?



- Korleis tenkte Stian? Korleis tenkte Ella?
Kva for ein av de fire strategiane likar du best?
- Finn verdiane av dei andre summane frå starten av oppgåva på den måten du sjølv ønskjer.

17

Eit linjestykke med lengde 1 cm kan brukast som måleeining. Med denne måleeininga kan vi måle andre lengder.

Kor mange linjestykke med lengde 1 cm er det plass til langs linjestykket AM?



Kor mange centimeter langt er linjestykket AM?


- Linjalen som du har brukt til å teikne rette linjer, strålar og linjestykke, kan du også bruke til å måle kor mange centimeter eit linjestykke er.

Sjå nedanfor: Linjestykket TK er 8 cm langt.



Sjå på biletet og forklar korleis vi måler lengda til eit linjestykke ved hjelp av linjal.

- Mål lengdene til linjestykka ved hjelp av linjal og skriv ned svara:



18

Lag ein differanse som passar til modellen, og finn verdien av differansen.



Strek under ledda med og verdien av differansen med .

19

Skriv ned summen som passar, og finn verdien av summen.

1 2 3 4 **5** 6 7 **8** 9 ...

--	--	--	--	--

Strek under ledda.

20

Skriv tala 7, 4, 6 og 9 i stigande rekkefølgje.

--	--	--	--

Fyll inn færrest mogleg tal slik at du får ein del av følgja av dei naturlege tala.

--	--	--	--	--	--	--	--	--

- Gjer det same med desse tala:

6, 1, 5, 2


--	--	--	--	--	--	--	--	--

4, 8, 2, 3

--	--	--	--	--	--	--	--	--

21

Figuren som ikkje er fargelagt kan setjast saman av dei fargelagde tetromino-brikkene. Vis korleis ved å teikne inn brikkene og fargeleggje dei.



Teikn ein annan figur til høgre som kan setjast saman av dei fire tetromino-brikkene.

22

Fyll ut siste kolonne i tabellen.

Første ledd	Andre ledd	Verdien av differansen
7	5	_____
3	2	_____
9	6	_____
5	1	_____
4	4	_____
8	3	_____

23

Kva for ein av summane nedanfor kan du finne verdien av ved hjelp av dei to gjevne løysingsstrategiane? Vis med strekar, og fyll inn verdiane.

$$\begin{array}{1|1|1|1|1} 5 & + & 1 & & \\ \hline \end{array}$$

$$\begin{array}{1|1|1|1|1} 3 & + & 2 & & \\ \hline \end{array}$$

$$\begin{array}{1|1|1|1|1} 4 & + & 1 & & \\ \hline \end{array}$$

$$\begin{array}{1|1|1|1|1} 5 & + & 2 & & \\ \hline \end{array}$$


1 2 **3** 4 **5** 6 7 ...

1 2 3 4 **5** 6 **7** ...

Finn verdien til dei andre summane.

24

Bruk linjal til å måle linjestykket AM .



Skriv ned lengda til linjestykket: $AM = \underline{\hspace{2cm}}$ cm

ADDISJONSTABELL

25

Teikn 4 eple og 1 pære.




--	--	--	--	--

Kor mange frukter er det til saman på fatet?

Lag eit reknestykke som passar og rekn ut svaret.

Sjå på bileta.



--	--	--	--	--

--	--	--	--	--

--	--	--	--	--

Lag summar som passar til bileta og som er slik at det første leddet står for antalet eple og det andre leddet står for antalet pærer. Finn verdiane av summane.

Samanlikn likskapane dine med desse:

$$4 + 1 = 5$$

$$2 + 3 = 5$$

$$3 + 2 = 5$$


$$1 + 4 = 5$$



Skriv likskapane ned på eit blankt ark.



26



Finn regelen for mønsteret, og fortset det.



27

Finn linjestykke på bileta og mål lengdene deira i centimeter.
Skriv ned lengdene.





- Skriv nummeret på teikninga der ein stråle og eit linjestykke skjer kvarandre.

28

Finn verdiane av summane:

$4 + 2$

$3 + 4$

$2 + 6$

$5 + 4$

$3 + 3$

$3 + 2$

Strek under summane med og verdiane av summane med .

29

Les:


Lena hadde 5 dokker. Ho mista ei. Kor mange hadde ho igjen?

Lag eit reknestykke som passar og finn svaret.

--	--	--	--	--

30

Fortset rekkja med hundar.



31

Hopp to skritt til høgre frå tala 1, 4 og 7 langs følgja av dei naturlege tala. Skriv summar som passar til hoppinga, og finn verdiane av summane.



32

Finn verdiane av summane:

$4 + 1$

--	--

$3 + 2$

--	--

$2 + 3$

--	--

$1 + 4$

--	--

Auk det første leddet i kvar sum med 1 og skriv ned dei nye summane. Finn verdiane av summane.



Kva for ein sum manglar? Skriv summen i dei nedste rutene, og finn verdien av summen.

--	--	--	--

Skriv dei 5 likskapane som ein ny kolonne i addisjonstabellen din.

33

Skriv ned dei av summane nedanfor som allereie finst i addisjonstabellen din. Finn verdiane av desse summane.



$4 + 2$

$6 - 4$

$7 + 1$

$2 + 3$

$8 - 4$

$3 + 3$

$1 + 4$


$9 - 3$

- Skriv ned differansane og finn verdiane deira.

34

Kor mange blomar er det i buketten til venstre? Kor mange gule blomar er det i denne buketten? Kor mange blomar med andre fargar er det i buketten? Lag ein differanse som passar til buketten, og finn verdien av differansen.

--	--	--	--	--



Kor mange fleire gule blomar er det i buketten til høgre samanlikna med buketten til venstre?

Det er ___ fleire.

- Sjå på buketten til høgre. Lag ein likskap som passar til, og som er slik at antalet rauda blomar står på høgre side av likskapsteiknet.

--	--	--	--	--

- Samanlikn antalet blomar i dei to bukettane. Lag ein likskap eller ein ulikskap som er slik at antalet blomar i den høgre buketten står på venstre side.

--	--	--

- Samanlikn antalet kvite blomar i dei to bukettane. Lag ein likskap eller ulikskap som er slik at antalet kvite i den venstre buketten står på venstre side.


--	--	--

- Samanlikn antalet blå blomar i dei to bukettane. Lag ein likskap eller ulikskap som er slik at antalet blå blomar i den høgre buketten står på venstre side.

--	--	--

35

Er denne strategien rett når du vil finne verdien av differansen $8 - 4$? Skriv ned verdien av differansen.



$$8 \boxed{} - 4 \boxed{} \boxed{}$$

- Finn verdiane av differansane ved å hoppe langs følgja av dei naturlege tala.

$$7 \boxed{} - 5 \boxed{} \boxed{}$$

1 2 3 4 5 6 7 8 9 ...

$$4 \boxed{} - 2 \boxed{} \boxed{}$$

1 2 3 4 5 6 7 8 9 ...

$$9 \boxed{} - 7 \boxed{} \boxed{}$$

1 2 3 4 5 6 7 8 9 ...

36

Samanlikn tala – set inn passande relasjonsteikn:

$$7 \boxed{} 0$$

$$0 \boxed{} 4$$

$$4 \boxed{} 8$$

$$0 \boxed{} 0$$

$$6 \boxed{} 0$$

- Skriv to ulikskapar der du brukar talet 0 på venstre side i den første og på høgre side i den andre.

$$\boxed{} \boxed{} \boxed{}$$

$$\boxed{} \boxed{} \boxed{}$$

37

Lag ei rekneforteljing som passar til biletet.



38

Skriv ned differansar som passar til bileta, og finn verdiane av desse.



Skriv ned kor mange fleire soldatar det er enn klovnar.

Skriv ned kor mange fleire fuglar det er enn fly.

39

Skriv linjer med tala 9, 6 og 3 slik at linja med 9-tal står over linja med 6-tal, men *under* linja med 3-tal.


--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--

--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--

--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--

40

Fortset mønsteret.



41

For kvar differanse, teikn strek til ein løysingsstrategi som passar.


$$7 \boxed{} - 2 \boxed{} \boxed{}$$



$$5 \boxed{} - 4 \boxed{} \boxed{}$$




$$8 \boxed{} - 6 \boxed{} \boxed{}$$




$$4 \boxed{} - 1 \boxed{} \boxed{}$$



$$8 \boxed{} - 5 \boxed{} \boxed{}$$



$$6 \boxed{} - 3 \boxed{} \boxed{}$$



I kva for ei retning peikar pilene?

Kvifor peikar dei i den retninga?

Skriv verdiane til differansane i dei tomme rutene.

42


Finn og strek under ei talfølgje som ikkje passar inn. Finn fleire løysingar.

$$\begin{matrix} 5 & 4 & 3 & 2 & 1 & 0 \\ 9 & 8 & 7 & 6 & 5 \end{matrix}$$

$$\begin{matrix} 3 & 4 & 5 & 6 & 7 & 8 \\ 8 & 7 & 6 & 5 & 4 & 3 \end{matrix}$$

Dersom du fann færre enn tre løysingar, prøv å finne fleire.


- 43** Sjå nøyne på korleis Per og Kari teiknar linjestykke med lengde 7 cm. Forklar korleis kvar av dei teiknar linjestykka.



 Bruk Per sin metode til å teikne eit linjestykke med lengde 6 cm.
Bruk Kari sin metode til å teikne eit linjestykke med lengde 8 cm.
Kva for ein metode likte du best? Kvifor?

- 44** Finn det lengste leddet i den knekte linja. Skriv ned lengda i centimeter.

--	--	--	--	--	--



Samanlikn antalet ledd og antalet toppunkt – lag ein likskap eller ein ulikskap som er slik at antalet ledd står på høgre side.

--	--	--

- 45** Skriv eit tal som ikkje er eit naturleg tal.

46

Finn verdiane av differansane ved å hoppe langs følgja av dei naturlege tala.

$$\begin{array}{|c|c|c|c|c|} \hline 2 & - & 1 & & \\ \hline \end{array}$$

1	2	3	4	5	6	7	8	9	...
---	---	---	---	---	---	---	---	---	-----

$$\begin{array}{|c|c|c|c|c|} \hline 3 & - & 1 & & \\ \hline \end{array}$$

1	2	3	4	5	6	7	8	9	...
---	---	---	---	---	---	---	---	---	-----

$$\begin{array}{|c|c|c|c|c|} \hline 4 & - & 1 & & \\ \hline \end{array}$$

1	2	3	4	5	6	7	8	9	...
---	---	---	---	---	---	---	---	---	-----

$$\begin{array}{|c|c|c|c|c|} \hline 5 & - & 1 & & \\ \hline \end{array}$$

1	2	3	4	5	6	7	8	9	...
---	---	---	---	---	---	---	---	---	-----

$$\begin{array}{|c|c|c|c|c|} \hline 6 & - & 1 & & \\ \hline \end{array}$$

1	2	3	4	5	6	7	8	9	...
---	---	---	---	---	---	---	---	---	-----

$$\begin{array}{|c|c|c|c|c|} \hline 7 & - & 1 & & \\ \hline \end{array}$$

1	2	3	4	5	6	7	8	9	...
---	---	---	---	---	---	---	---	---	-----

$$\begin{array}{|c|c|c|c|c|} \hline 8 & - & 1 & & \\ \hline \end{array}$$

1	2	3	4	5	6	7	8	9	...
---	---	---	---	---	---	---	---	---	-----

$$\begin{array}{|c|c|c|c|c|} \hline 9 & - & 1 & & \\ \hline \end{array}$$

1	2	3	4	5	6	7	8	9	...
---	---	---	---	---	---	---	---	---	-----

Kor mange hopp gjorde du for kvar av differansane? Grunngje.
Finn det største talet i kvar likskap. Kor står desse tala?

47

Finn verdiane av summane.

$$6 + 1 \quad \boxed{} \quad \boxed{}$$

$$5 + 2 \quad \boxed{} \quad \boxed{}$$

$$4 + 3 \quad \boxed{} \quad \boxed{}$$

Kva legg du merke til?

Bruk mønsteret og skriv 3 likskapar til.

--	--	--	--	--

--	--	--	--	--

--	--	--	--	--

Sjekk likskapane dine: Den første nye du skreiv bør vere $3 + 4 = 7$.


Skriv ned dei 6 likskapane som ein ny kolonne i addisjonstabellen din.




48

Skriv likskapar som passar til løysingsmetodane.


T




K




L




H



I



E



- Strek under dei likskapane som finst i addisjonstabellen din.
- Sorter verdiane av summane slik at dei kjem i minkande rekkefølgje, og skriv ned dei bokstavane som hører til i same rekkefølgje. Kva for eit ord får du?

<input type="text"/>					
----------------------	----------------------	----------------------	----------------------	----------------------	----------------------

49

Finn verdiane av summane ved å bruke addisjonstabellen din.

 $5 + 2$

$1 + 4$

$3 + 3$

$6 + 1$

$3 + 4$

$4 + 2$

$2 + 5$

$1 + 5$

$2 + 3$

- 50** Til kvar rad med kvadrat, lag ein sum som passar, og finn verdien av summen.



--	--	--	--	--



--	--	--	--	--



--	--	--	--	--



--	--	--	--	--

Byt om på rekkefølgja av likskapane slik at første ledd kjem i minkande rekkefølgje.

Kva for ein kolonne i addisjonstabellen din fekk du?


--	--	--	--	--	--

--	--	--	--	--	--

--	--	--	--	--	--

--	--	--	--	--	--

- 51** Kva er likt og kva er ulikt for sko nr. 2 og sko nr. 7.



1



2



3



4



5



6



7

Kva for andre par har same antalet likskapar og ulikskapar.

52

Kva kan vi seie om denne talfølgja?


1 2 3 4 5 6 7

Frå kvart av desse tala skal du hoppe to steg til høgre langs følgja av dei naturlege tala. Skriv ned summane som passar til, og finn verdiane av summane.

1	2	3	4	5	6	7	8	9	...	<input type="text"/>				
1	2	3	4	5	6	7	8	9	...	<input type="text"/>				
1	2	3	4	5	6	7	8	9	...	<input type="text"/>				
1	2	3	4	5	6	7	8	9	...	<input type="text"/>				
1	2	3	4	5	6	7	8	9	...	<input type="text"/>				
1	2	3	4	5	6	7	8	9	...	<input type="text"/>				
1	2	3	4	5	6	7	8	9	...	<input type="text"/>				

53

Kva kallar vi linjene som går ut frå punktet A?




Veit du kva vi kallar *heile* figuren samla? Vi kallar han ein **vinkel**. Punkt A kallar vi **toppunktet til vinkelen**.

- Teikn vinklar med toppunkt i M, O, K og E.



54

Finn nummeret på biten som manglar.



55

Merete smiler meir enn Beate, men ikkje så mykje som Emma.
Astrid smiler meir enn Emma. Skriv rett namn under rett jente.



56

For kvar differanse, teikn strek til den løysingsstrategien som passar for å finne verdien av differansen.

$$\begin{array}{|c|c|c|c|c|} \hline 8 & - & 4 & & \\ \hline \end{array}$$

$$\begin{array}{|c|c|c|c|c|} \hline 6 & - & 2 & & \\ \hline \end{array}$$

$$\begin{array}{|c|c|c|c|c|} \hline 8 & - & 3 & & \\ \hline \end{array}$$

$$\begin{array}{|c|c|c|c|c|} \hline 8 & - & 1 & & \\ \hline \end{array}$$

$$\begin{array}{|c|c|c|c|c|} \hline 7 & - & 5 & & \\ \hline \end{array}$$

1 2 3 4 5 6 **7** **8** ...

1 2 3 4 **5** 6 7 **8** ...

1 2 3 **4** 5 6 7 **8** 9 ...

1 **2** 3 4 5 6 **7** 8 ...

1 **2** 3 **4** 5 6 7 8 ...

1 2 3 **4** 5 **6** 7 8 9 ...


- Lag eit reknestykke med svar for strategien som blei til overs.

--	--	--	--	--

- Kva kallar vi talet vi begynner å hoppe frå?
Kva kallar vi talet vi sluttar på?
- Kor mange hopp har du gjort i kvar av utrekningane?

57

Finn lengdene til blyantane ved hjelp av diagrammet.



Sjekk om denne tabellen er rett:

Farge	Lengde
Raud	6 cm
Blå	4 cm
Grøn	8 cm

- Kor mange centimeter manglar på den blå blyanten for at han skal vere like lang som den grøne? Kor mange manglar for at han skal vere like lang som den rauden?

58

Er du einig i at vi kan skrive talet 4 som summen av fire einarar? (Når det er fleire rekneoperasjoner i eit uttrykk, utfører vi operasjonane frå venstre mot høgre.)

$$4 = 1 + 1 + 1 + 1$$

Kva for andre summar kan vi erstatte 4 med? Skriv så mange slike likskapar som du kan i arbeidsboka di.

59

Skriv summane under kvarandre i rutene til venstre slik at andre ledd kjem i stigande rekkefølgje. Finn verdiane av summane ved hjelp av addisjonstabellen.

$5 + 2$

$6 + 1$

$4 + 3$

$1 + 6$

$3 + 4$

$2 + 5$

--	--	--	--	--

--	--	--	--	--

--	--	--	--	--

--	--	--	--	--

--	--	--	--	--

--	--	--	--	--

--	--	--	--	--

--	--	--	--	--

--	--	--	--	--

--	--	--	--	--

--	--	--	--	--

--	--	--	--	--

Auk det andre leddet i kvar sum med 1, og skriv dei nye summane i rutene til høgre. Finn verdiane av summane på den måten du ønskjer.

Kva for ein sum med verdi 8 manglar?

Skriv likskapen som manglar.

--	--	--	--	--



Skriv alle likskapane med talet 8 i ein ny kolonne i addisjonstabellen din.


60

Finn eit mønster, og set inn tala som passar til den siste fuglen.



61


Figuren som ikkje er fargelagd kan vi setje saman av dei fargelagde tetromino-brikkene. Vis korleis ved å teikne inn brikkene og fargeleggje dei.



Teikn ein annan figur som kan du kan setja saman av dei fire gitte tetromino-brikkene.

62

Les kva strålane som dannar ein vinkel blir kalla.



Kor mange vinkelbein har ein vinkel? Kor mange toppunkt har ein vinkel?

- Teikn to vinklar.

Marker **vinkelbeina** med blått og **toppunkta** med grønt.



63

Skriv tala i kvar rad i stigande rekkefølgje.

8 5 2 4 1 6

--	--	--	--	--	--

3 6 4 0 2 1

--	--	--	--	--	--

6 1 9 2 7 0 8

--	--	--	--	--	--	--

Strek over færrast mogleg tal slik at det som står igjen er ein del av følgja av dei naturlege tala.

64

Skriv likskapar som passar til løysingsstrategiane.

--	--	--	--	--	--

1 2 3 4 5

--	--	--	--	--	--

1 2 3 4 5 6 7 8

--	--	--	--	--	--

1 2 3 4 5 6 7 8 9

--	--	--	--	--	--

1 2 3 4 5 6 7 8 9

--	--	--	--	--	--

1 2 3 4 5 6 7 8

- Kva har du fått – summar eller differansar? Strek under svaret.

65

Teikn ein vinkel. Kall toppunktet til vinkelen for *K*, og fargelegg kvart av vinkelbeina med forskjellig farge.



66

Finn verdiane av summane ved hjelp av addisjonstabellen din.

$4 + 2 \quad \boxed{} \quad \boxed{}$

$3 + 3 \quad \boxed{} \quad \boxed{}$

$5 + 2 \quad \boxed{} \quad \boxed{}$



- Skriv ned nokre andre summar du kan finne verdien av ved hjelp av addisjonstabellen.

<input type="text"/>				
----------------------	----------------------	----------------------	----------------------	----------------------

<input type="text"/>				
----------------------	----------------------	----------------------	----------------------	----------------------

<input type="text"/>				
----------------------	----------------------	----------------------	----------------------	----------------------

<input type="text"/>				
----------------------	----------------------	----------------------	----------------------	----------------------

<input type="text"/>				
----------------------	----------------------	----------------------	----------------------	----------------------

<input type="text"/>				
----------------------	----------------------	----------------------	----------------------	----------------------

67

Før du reknar ut - samanlikn dei to summane i kvar av kolonnane.

$3 + 2 \quad \boxed{} \quad \boxed{}$

$4 + 3 \quad \boxed{} \quad \boxed{}$

$5 + 3 \quad \boxed{} \quad \boxed{}$

$2 + 3 \quad \boxed{} \quad \boxed{}$

$3 + 4 \quad \boxed{} \quad \boxed{}$

$3 + 5 \quad \boxed{} \quad \boxed{}$



Finn verdiane av summane ved hjelp av addisjonstabellen.

Kva legg du merke til?

Verdien av summar forandrar seg ikkje dersom vi byter om rekkefølgja på ledda.

Dette kallar vi **den kommutative lova for addisjon**.

Skriv av frå addisjonstabellen nokre andre likskapar som viser den kommutative lova for addisjon.

<input type="text"/>				
----------------------	----------------------	----------------------	----------------------	----------------------

<input type="text"/>				
----------------------	----------------------	----------------------	----------------------	----------------------

<input type="text"/>				
----------------------	----------------------	----------------------	----------------------	----------------------



<input type="text"/>				
----------------------	----------------------	----------------------	----------------------	----------------------

<input type="text"/>				
----------------------	----------------------	----------------------	----------------------	----------------------

<input type="text"/>				
----------------------	----------------------	----------------------	----------------------	----------------------

68

Teikn ring rundt vinklane. Kvifor kan vi ikkje kalle dei andre figurane for vinklar?



69

Samanlikn antalet steinsoppar og antalet fluesoppar på kvart biletet nedanfor. Lag likskapar eller ulikskapar som er slik at antalet steinsoppar står på venstre side av relasjonsteiknet.



--	--	--



--	--	--



--	--	--



--	--	--



--	--	--



--	--	--

Kor mange soppar er det til saman på kvart biletet? Skriv tala i minkande rekkefølgje.

--	--	--	--	--	--

70

Finn verdiane av summen ved å hoppe langs følgja av dei naturlege tala:

$7 + 2 \quad \boxed{} \quad \boxed{}$

1 2 3 4 5 6 7 8 9 ...

$4 + 5 \quad \boxed{} \quad \boxed{}$

1 2 3 4 5 6 7 8 9 ...

$3 + 4 \quad \boxed{} \quad \boxed{}$

1 2 3 4 5 6 7 8 9 ...

Byt om rekkefølgja på ledda og skriv nye likskapar.

<input type="text"/>				
----------------------	----------------------	----------------------	----------------------	----------------------

<input type="text"/>				
----------------------	----------------------	----------------------	----------------------	----------------------


<input type="text"/>				
----------------------	----------------------	----------------------	----------------------	----------------------

71


Vinklane nedanfor har namn. Les namna:



vinkel O



vinkel MAK,
eller KAM



vinkel AEO,
eller OEA


Kva står bokstaven i midten av vinkelnamnet for?

I staden for å skrive «vinkel KAM» og «vinkel O», er det vanleg å skrive $\angle KAM$ og $\angle O$.

Skriv namn på vinkelen til høgre ved hjelp av **vinkelteiknet** \angle :

72

Lag ei reknefortelling som passar til biletet.



73

Skriv likskapar som passar til løysingsstrategiane.

--	--	--	--	--

1 2 3 4 5 6

--	--	--	--	--

1 2 3 4 5 6 7

--	--	--	--	--

1 2 3 4 5 6 7 8 9

--	--	--	--	--


1 2 3 4 5 6 7 8

--	--	--	--	--

1 2 3 4 5 6 7 8 9

- Strek under differansar med raudt og summar med grønt.

- 74** Finn regelen som er brukt på dei to øvste linjene, og bruk denne til å fylle ut dei to nedste.



6 2

4 1


7 4

6 4

- 75** Les teksten og svar på spørsmålet:

Anne har 3 modellfly. Ho får to modellfly til.
Kor mange fly har ho nå?

- 76** Finn nummeret til biten som manglar.



77

Samanlikn likskapane. Kva er likt?

$$8 + 1 = 9$$

$$7 + 2 = 9$$

$$6 + 3 = 9$$

$$5 + 4 = 9$$

Bytt om rekkefølgja på ledda i kvar sum. Skriv dei nye summane i rutene til høgre.

Kva blir verdiane til dei nye summane? Kvifor?

Skriv desse 8 likskapane som ein ny kolonne i addisjonstabellen din.

78

Lag ei rekneforteljing som passar til biletta.



- Skriv summar som passar til det andre og det tredje biletet, og finn verdiane av summane.

--	--	--	--	--

--	--	--	--	--

Sjå i addisjonstabellen din – finn og skriv ned andre summar med same verdi.

79 Emilie, Victor og Aksel har skrive kvar sin differanse:

$8 - 3 \quad \boxed{} \quad \boxed{}$

$8 - 5 \quad \boxed{} \quad \boxed{}$

$6 - 3 \quad \boxed{} \quad \boxed{}$

Det andre leddet hos gutane er likt.

Det første leddet hos Emilie og Aksel er likt.

Strek under differansen til Emilie. Finn verdien av differansen.

Strek under differansen til Aksel. Finn verdien av differansen.

Strek under differansen til Victor. Finn verdien av differansen.

80 Kor mange linjestykke er det på figuren under?



- Mål lengdene til kvart linjestykke. Skriv ned resultatet slik vi har begynt her:

A	K	=												

81 Geir og Ole har etternamna Nilsen og Hansen. Ole og Hansen er vener.



Geir

Nilsen

Hansen

Ole



Teikn strek mellom fornamm og etternamn som høyrer saman.

82

Les kva desse vinklane blir kalla:




rett vinkel

spiss vinkel

stump vinkel

Finn rette vinklar blant vinklane under. Skriv namna til dei rette vinklane:






Skriv namna til dei stumpe vinklane:

Skriv namna til dei spisse vinklane:

- Teikn ein stump, ein rett og ein spiss vinkel i arbeidsboka di.

83

Finn ein regel og fyll inn tala som manglar.



84

Skriv alle summar med verdi 8 som er slik at det første leddet er større enn det andre.



85

Skriv ned differansane, og finn verdiane ved å hoppe langs følgja av dei naturlege tala.



$9 - 4$

$6 + 3$

$8 - 5$

$7 + 2$



Skriv ned nokre andre differansar som har dei same verdiane.



- Skriv ned summane, og finn verdiane deira ved hjelp av addisjonstabellen din.

86

Kva for eit bilet passar ikkje inn?



Kor mange fuglar er det til saman på bileta?

Kor mange av fuglane kan fly?

87

Er du einig i at vi kan skriva talet 7 som summen av sju einarar?



$7 = 1 + 1 + 1 + 1 + 1 + 1 + 1$

Kva for andre summar kan vi erstatte 7 med? Skriv så mange slike likskapar som du kan i arbeidsboka di.

88 Samanlikn kvar av desse talfølgjene med følgja av dei naturlege tala:

1 2 3 4 5 6 7 9... 1 2 3 4 7 5 6 8 9...

89 Sjå på addisjonstabellen din. Kva for likskapar manglar? Skriv dei ned.



Sjekk: Skreiv du summar med verdiane 2, 3 og 4?

Skriv ned dei nye likskapane i addisjonstabellen din.


90 Skriv ned deler av følgja av dei naturlege tala som er slik at:



- Det første talet er 3 og det siste er 8.
- Det første talet er 2 og det siste er 7.
- Det første talet er 9 og det siste er 5.

Klarte du å skrive alle dei tre talfølgjene etter forklaringa som blei gitt? Dersom ikkje – grunngje kvifor det ikkje gjekk.

91 Lag ei rekneforteljing som passar til biletet.



92

Samanlikn summar og tal – set inn relasjonsteikn ($< = >$).

$6 + 2 \quad 9$

$3 + 6 \quad 9$

$4 + 5 \quad 8$

$2 + 5 \quad 7$

$4 + 3 \quad 6$

$7 + 2 \quad 9$

Føreslå endringar på ulikskapane slik at dei blir likskapar.

Nokre barn har gjort slik for ulikskapen $6 + 2 < 9$:



Tone:

$6 + 2 = 8$

Kari:

$7 + 2 = 9$



Truls:

$6 + 3 = 9$

Mats:

$6 + 2 = 9 - 1$




Kven har rett? Korleis tenkte kvar av dei?



Forandr kvar ulikskap på forskjellige måtar slik at det blir likskapar.

93

Kva for ei grein passar ikkje inn? Prøv å finne fleire løysingar.



- Kor mange frukter er det på venstre side av kvar av greinene? Og kor mange er det på høgre side? Skriv for kvar grein ein sum som passar til, og finn verdien av summen.

--	--	--	--	--

--	--	--	--	--

--	--	--	--	--

--	--	--	--	--

Teikn strek frå kvar grein til likskapen greina passar saman med.

94

Finn verdiane av summane ved hjelp av addisjonstabellen.



$3 + 2$

--	--

$4 + 2$

--	--

$2 + 6$

--	--

$1 + 4$

--	--

$3 + 3$

--	--

$1 + 8$

--	--

- Skriv nokre andre summar som du kan finne ved hjelp av addisjonstabellen din. Finn verdiane av summane.

--	--	--	--	--

--	--	--	--	--

--	--	--	--	--


--	--	--	--	--

--	--	--	--	--

--	--	--	--	--

95

Vi markerer ein rett vinkel med eit spesielt teikn. Finn teiknet på biletet.



Teikn to rette vinklar og bruk det nye teiknet.

96

Finn verdiane av summane ved hjelp av addisjonstabellen.

$4 + 3$

--	--

$6 + 2$

--	--

$6 + 3$

--	--

$4 + 4$

--	--

$2 + 7$

--	--

$3 + 5$

--	--



Skriv 4 summar til som du kan finne verdiane av ved hjelp av addisjonstabellen din. Finn verdiane av summane.


--	--	--	--	--

--	--	--	--	--

--	--	--	--	--


97

Mål lengdene til linjestykka. Finn eit mønster og teikn dei linjestykka som manglar.



98

Dei tre lysa på biletet var like lange i starten. To av dei blei tende og brann ei stund før dei blei sløkte. Kor mykje kortare er dei to lysa blitt?



Lag likskapar som passar til det som har skjedd med lysa.

--	--	--	--	--

--	--	--	--	--

99

Samanlikn likskapane i kvar kolonne.

$$\begin{array}{llll} 4 + 1 = 5 & 3 + 2 = 5 & 5 + 1 = 6 & 4 + 2 = 6 \\ 1 + 4 = 5 & 2 + 3 = 5 & 1 + 5 = 6 & 2 + 4 = 6 \end{array}$$

Tenk etter om det er nødvendig å ha med begge likskapane på hugselappen med addisjonstabellen. Grunngje svaret.



Finn para ovanfor i addisjonstabellen din. Stryk ut med blått den nedste likskapen i kvart par.

Finn andre liknande par av likskapar. Stryk ut med grønt den nedste likskapen i kvart par. Samanlikn dei likskapane som står igjen, med desse:

$$\begin{array}{llll} 1 + 1 = 2 & 2 + 1 = 3 & 3 + 1 = 4 & 4 + 1 = 5 \\ & & 2 + 2 = 4 & 3 + 2 = 5 \\ 5 + 1 = 6 & 6 + 1 = 7 & 7 + 1 = 8 & 8 + 1 = 9 \\ 4 + 2 = 6 & 5 + 2 = 7 & 6 + 2 = 8 & 7 + 2 = 9 \\ 3 + 3 = 6 & 4 + 3 = 7 & 5 + 3 = 8 & 6 + 3 = 9 \\ & & 4 + 4 = 8 & 5 + 4 = 9 \end{array}$$

100

Del teikna nedanfor inn i to grupper. Set namn på kvar av gruppene og på teikna som gruppa inneheld.

< + = - >



Skriv ned eksempel på bruk av kvart av teikna. Bruk berre eitt teikn i kvart eksempel. Plasser eksempla som inneheld relasjonsteikn i ein kolonne til høgre og eksempla med rekneteikn i ein kolonne til venstre.

- Lag tre eksempel som er slik at kvart eksempel inneheld både relasjonsteikn og rekneteikn. Kva kallar vi det du har skrive?

101

Del eksempla i den blå ramma inn i to grupper. Kva kallar vi eksempla i kvar av gruppene?



$9 - 5 > 3$	$3 + 5 = 8$	$8 > 0$	$4 + 2 = 6$
	$1 + 4 < 7$	$7 - 3 < 6$	

Kva kallar vi kvart av eksempla som står i den raude ramma?
Kva er felles for desse eksempla?

$5 + 4$	$7 - 2$	$9 - 6$	$3 + 6$
---------	---------	---------	---------

Kva er forskjellen mellom eksempla i den raude ramma og alle eksempla i den blå ramma?

Det som står i den raude ramma er eksempel på noko vi kallar **uttrykk**.

Eit **uttrykk** er ein kombinasjon av tal og rekneteikn.

I eit uttrykk er det ikkje relasjonsteikn.

- Skriv uttrykk.

102

Skriv av tre summar frå addisjonstabellen din som er slik at verdiane av summane dannar ein del av følgja av dei naturlege tala.



Skriv ned tre differansar som er slik at det første leddet er lik verdiane av summane du nettopp skreiv.

Kor mange uttrykk har du skrive til saman?

103

Set inn rett relasjonsteikn.

$7 - 2 \quad \square \quad 6$

$5 + 4 \quad \square \quad 9$

$4 + 4 \quad \square \quad 6$

$8 - 3 \quad \square \quad 5$

$9 - 2 \quad \square \quad 7$

$6 + 2 \quad \square \quad 8$



Strek under  summane, og set ring rundt verdiane av summane .

Strek under  differansane, og set ring rundt verdiane av differansane .


Strek under alle uttrykk verdiane av uttrykka .

104


Sjå på dei to vinkelhakane – vis med pil kor den rette vinkelen i kvar av dei er.




Bileta nedanfor viser korleis vi kan bruke ein vinkelhake til å finne ut om ein vinkel er spiss, stump eller rett.



spiss



rett



stump



Teikn ein rett, ein spiss og ein stump vinkel.

105

Finn verdiane av summane.

$4 + 1$

--	--

$5 + 1$

--	--

$6 + 1$

--	--

Samanlikn det første leddet med verdien av summen i kvar likskap. Kva legg du merke til? Må vi øve mykje på desse likskapane for å klare å hugse dei? Grunngje.



Stryk ut slike likskapar i addisjonstabellen din. Sjekk at det er desse likskapane du har igjen:

Addisjonstabell

$2 + 2 = 4$	$4 + 2 = 6$	$5 + 2 = 7$	$6 + 2 = 8$	$7 + 2 = 9$
$3 + 3 = 6$	$4 + 3 = 7$	$5 + 3 = 8$	$6 + 3 = 9$	
$3 + 2 = 5$		$4 + 4 = 8$	$5 + 4 = 9$	

Kopier desse likskapane over på ein **hugselapp**.

Denne tabellen skal du etter kvart lære utanåt.

106

Kor mange linjestykke, rette linjer og strålar er det i kvar av dei to figurane?



Mål og skriv ned lengdene til linjestykka.

107

Janne, Amira og Fredrik har skrive kvar sin ulikskap:

$$2 < 5$$

$$4 > 3$$

$$7 < 9$$

Janne og Amira har skrive ulikskapar med same ulikskapsteikn.
Skriv 3 ulikskapar med ulikskapsteiknet som Fredrik har brukt.

--	--	--

--	--	--

--	--	--

108

Set strek under uttrykka:

$$8 - 3$$

$$2 < 7$$

$$9 - 4 = 5$$

$$6 + 2$$

$$3 + 5$$

$$6 = 6$$

$$2 + 3 = 5$$

$$4 + 1$$


$$5 > 3$$

$$3 < 5$$

Grunngje valet ditt.

109

Kva for nokre av dei fargelagde tetromino-brikkene er den store sett saman av? Vis ved å teikne inn brikkene og fargeleggje dei.



- Teikn ein annan figur til høgre som inneheld dei same brikkene.
Fargelegg tetromino-brikkene.

110

Det første talet i ein del av følgja av dei naturlege tala er 3. Det er 6 tal til saman. Skriv talfølgja.



111

Kor mange pærer er det på greina til venstre?

Kor mange er det på greina til høgre?

Kor mange pærer er det til saman?

Finn svaret ved å lage eit uttrykk som passar.

--	--	--	--	--




Kor mange ballar er det i kvar øskje?

Kor mange ballar er det i dei to til saman?

Finn svaret ved å lage eit uttrykk som passar.

--	--	--	--	--



Samanlikn den øvste og den nedste likskapen.

Kva er spesielt med den nedste?

112

Finn verdiane av summane.

$4 + 3$

--	--

$5 + 4$

--	--

$7 + 2$

--	--

Skriv ned andre summar som er slik at vi kan finna verdiane av dei ved hjelp av desse likskapane.

--	--	--	--	--

--	--	--	--	--

--	--	--	--	--

113

Finn verdiane av summane.

$1 + 0$

--	--

$8 + 0$

--	--

$5 + 0$

--	--

$0 + 4$

--	--

$0 + 2$

--	--

$0 + 9$

--	--

Studer likskapane. Kva legg du merke til?

Samanlikn din konklusjon med følgjande:

Dersom eitt av ledda er lik 0,
er verdien av summen lik det andre leddet.

- Skriv andre summar som er slik at verdiane til summane er lik det eine leddet.

114

Utan å rekne ut, skriv summane slik at verdiane til summane blir ståande i stigande rekkefølgje. Grunngje.



$5 + 3$

$3 + 3$

$6 + 3$

$4 + 3$

Finn verdiane til summane. Plasserte du dei rett?

- Finn summar som passar til summane ovanfor. Skriv ned likskapane du får

115

Finn verdiane av summane ved hjelp av addisjonstabellen.

$5 + 2 \quad \boxed{} \quad \boxed{}$

$4 + 2 \quad \boxed{} \quad \boxed{}$

$3 + 2 \quad \boxed{} \quad \boxed{}$

Kvifor er verdien av den neste summen mindre enn verdien av den førre summen? Kva for andre likskapar frå addisjonstabellen passar til desse? Finn summane og skriv dei ned.

--	--	--	--	--

--	--	--	--	--

--	--	--	--	--

116

Teikn ein rett vinkel som står til høgre for ein stump vinkel og til venstre for ein spiss vinkel.



- På kvar av dei tre vinklane, merk av eit punkt som ligg på begge vinkelbeina.
Kva kallar vi desse punkta?

117

Per, Pål og Espen har skrive kvart sitt uttrykk.

$5 + 3$


$9 - 2$

$9 - 1$

Per og Pål har brukte ulike rekneteikn i uttrykka sine. Per og Espen har skrive uttrykk som har ulike verdiar. Kven kan ha skrive kva for eit uttrykk?

118

Gjenta teikninga to gonger.



EINSIFRA OG TOSIFRA TAL

119

Kor mange pinnar er det på biletet?



Finn fram like mange pinnar som det er på biletet. Legg til ein.

Kor mange pinnar har du nå?

Er du einig i at du har **ti** pinnar?

120

Nokre elevar har skrive dette:

$$2 + 7 = 7 + 2 = 9$$

Korleis tenkte dei?



Finn para med summar der same tenkjemåte passar – skriv på same måte som elevane over har gjort.

$6 + 2$

$5 + 4$

$2 + 6$

$3 + 3$

$2 + 4$

$2 + 3$

$3 + 5$

$3 + 2$

$4 + 4$

$5 + 2$

Skriv summar til dei summane som blei til overs, og finn verdiane av summane.

121

Finn først verdiane av dei summane som du har på hugselappen din. Etterpå finn du verdiane av dei summane som står igjen.



$2 + 0$

--	--

$5 + 2$

--	--

$4 + 4$

--	--

$4 + 5$

--	--

$3 + 6$

--	--

$0 + 3$

--	--

$5 + 3$

--	--

$3 + 4$

--	--

$2 + 7$

--	--

122


Sjå på biletet. Ved kva for ein vegg sit katten? Ved kva for ein vegg sit kaninen?



Kor sit bamsen? Ved kva for ein vegg sit bamsen?

123

Bind saman endane i kvar knekt linje med eit linjestykke.



--	--	--	--	--

--	--	--	--	--

--	--	--	--	--

- For kvar knekt linje, skriv ned ein sum som er slik at det første leddet står for antalet ledd frå starten og det andre leddet står for antalet nye ledd. Finn verdiane av summane.

124

Det andre talet frå venstre i ein del av følgja av dei naturlege tala er 4.
Det er 5 tal til saman. Skriv talfølgja.

--	--	--	--	--

Skriv summen av det første og det siste talet i følgja, og finn verdien av summen.

--	--	--	--	--

125

Samanlikn bileta. Kva er likt? Kva er ulikt?



Kor mange pinnar er det til venstre?

Les kor mange pinnar det er i bunten til høgre. Ta **ti** pinnar og bind dei saman til ein **tiar**.

126

Mål linjestykka og skriv ned lengdene.


A K

--	--	--	--	--	--

M O

--	--	--	--	--	--

Teikn linjestykke med lengdene 6 cm og 4 cm.




127

Ein del av følgja av dei naturlege tala består av 3 tal. Det siste talet er 10.

Skriv talfølgja: _____ , _____ , _____

128

Lag nokre rekneforteljingar som passar til biletet.



129

Talet ti skriv vi med siffer slik: 10

Kor mange siffer brukar vi for å
skrive ti? Kva kallar vi desse siffera?

Kva tyder sifferet 1 slik det er brukt
i talet ti? Og kva tyder sifferet 0?



● Kor mange fingrar har du på ei hand?

Kor mange har du på begge hendene til saman?

130

Skriv uttrykka og finn verdiane til uttrykka:



- legg saman 9 og 1
- trekk to frå sju
- legg seks til tre

131

Kva for tal står rett før ti i følgja av dei naturlege tala? Grunngje.

132

Elevane i skogen har laga denne oppgåva til deg:

$$8-3 \boxed{} 1$$
$$5+2 \boxed{} 5-2$$
$$1+0 \boxed{} 4+0$$
$$5 \boxed{} 6-2$$
$$8-8 \boxed{} 3$$
$$5 \boxed{} 9-2$$
$$4-4 \boxed{} 2-2$$
$$6 \boxed{} 7$$
$$5+3 \boxed{} 9-1$$

Set inn riktig relasjonsteikn.

133

Lag to rekneforteljingar som passar til biletet.



134

Finn verdiane av uttrykka i kvar kolonne.

$$6 + 1 \quad \boxed{} \quad \boxed{}$$

$$2 + 2 \quad \boxed{} \quad \boxed{}$$

$$3 + 2 \quad \boxed{} \quad \boxed{}$$

$$7 - 1 \quad \boxed{} \quad \boxed{}$$

$$4 - 2 \quad \boxed{} \quad \boxed{}$$

$$5 - 2 \quad \boxed{} \quad \boxed{}$$

La du merke til noko?

135 Strek under dei summane som manglar på hugselappen din.

$4 + 2$

--	--

$8 + 1$

--	--

$5 + 4$

--	--

$3 + 0$

--	--

$6 + 1$

--	--

$2 + 5$

--	--

$0 + 6$

--	--

$1 + 4$

--	--


$6 + 3$

--	--

Kva kan hjelpe deg med å finne verdiane av desse summane?
Finn verdiane av summane.


- Finn verdiane av dei summane som står igjen ved hjelp av hugselappen.

136 Kor mange lukka linjer er det på teikninga? Kor mange opne? Kor mange knekte?



Teikn ei lukka, knekt linje og ei open, krum linje.

137 Kva for ein kam har 10 «tenner»? Merk med ✓.



--



--

138

Kor mange tiarar er det på kvart bilete?



1 tiar



? tiarar



? tiarar



? tiarar



? tiarar



? tiarar



?



?



?

- Bind saman pinnar i buntar og lag 5 tiarar.

139

Finn verdiane av summane.

$6 + 2 \quad \boxed{} \quad \boxed{}$

$4 + 4 \quad \boxed{} \quad \boxed{}$

$6 + 3 \quad \boxed{} \quad \boxed{}$

$5 + 4 \quad \boxed{} \quad \boxed{}$

Kvifor er verdien av den første summen i kvar kolonne mindre enn verdien av den andre?

- Lag to kolonnar til med same mønsteret, og finn verdiane av summane.

140

Finn verdiane av differansane ved å hoppe langs følgja av dei naturlege tala.

$$\begin{array}{|c|c|c|c|c|} \hline 8 & - & 5 & & \\ \hline \end{array} \quad \begin{array}{ccccccccccccc} 1 & 2 & 3 & 4 & 5 & 6 & 7 & 8 & 9 & \dots \end{array}$$

$$\begin{array}{|c|c|c|c|c|} \hline 7 & - & 4 & & \\ \hline \end{array} \quad \begin{array}{ccccccccccccc} 1 & 2 & 3 & 4 & 5 & 6 & 7 & 8 & 9 & \dots \end{array}$$

$$\begin{array}{|c|c|c|c|c|} \hline 9 & - & 6 & & \\ \hline \end{array} \quad \begin{array}{ccccccccccccc} 1 & 2 & 3 & 4 & 5 & 6 & 7 & 8 & 9 & \dots \end{array}$$




Kan du finne verdiane av desse differansane ved å bruke hugselappen med addisjonstabellen? I så fall, skriv ned dei passande likskapane i arbeidsboka din. Korleis fann du likskapane som passar?

141

Korleis kan vi plassere to bord i eit rom slik at det står eit bord ved kvar vegg?

La oss seie at det blå rektangelet er rommet. Vis kor vi må plassere borda.

Teikn borda slik:

**142**

Marte, Janne og Hanne har skrive kvart sitt uttrykk.

$$6 + 3$$

$$9 - 5$$

$$7 - 4$$

Hanne har ikkje skrive ein differanse. Uttrykket til Marte har minst verdi. Kven har skrive kva? Strek under:

Marte -

Janne -

Hanne -


143

Skriv tre uttrykk med verdien 2, og tre uttrykk med verdien 7.



144

Finn dyr, to og to, som skil seg frå kvarandre på fire måtar.
Kva for nummer har dei?



Finn par som skil seg frå kvarandre på 3 måtar, på 2 måtar, på 1 måte.

Finst det to like dyr?

145

Som du veit, skriv vi 1 tiar slik: **10**.

Skriv desse tala med bruk av siffer:

2 tiarar:

3 tiarar:

5 tiarar:

6 tiarar:

8 tiarar:

9 tiarar:

4 tiarar:


7 tiarar:

Strek under sifferet som viser antalet tiarar i kvart av tala.

Vis det første og det siste talet ved hjelp av tiarbuntar.

146

Korleis kan vi plassere slangane på ein annan måte? Finn fleire løysingar.

**147**

Lag ein sum som passar til biletet, og finn verdien av summen.



--	--	--	--	--

Lag differansen som passar til biletet, og finn verdien av differansen.



--	--	--	--	--

148

Lag summar av naturlege tal som har verdi 9, og der det første leddet er mindre enn det andre leddet.

**149**

Finn verdiane av uttrykka.

$5 - 4 = \boxed{} \boxed{}$

$7 + 1 = \boxed{} \boxed{}$

$4 + 2 = \boxed{} \boxed{}$

$10 + 0 = \boxed{} \boxed{}$

$6 - 2 = \boxed{} \boxed{}$

$0 + 10 = \boxed{} \boxed{}$

$3 + 3 = \boxed{} \boxed{}$

$10 - 10 = \boxed{} \boxed{}$

$5 + 5 = \boxed{} \boxed{}$

150


Samanlikn tala i kvar kolonne.

1	2	3	4	5	6	7	8	9
10	20	30	40	50	60	70	80	90

Kva er likt? Kva er ulikt?

Teikn rundt biletet som svarer til talet 4 .

Teikn rundt biletet som svarer til talet 40 .



Kva for tal svarer resten av bileta til?

151

Kor lange er fingrane dine målt i centimeter?

1) Tommel: _____ cm


2) Peikefinger: _____ cm

3) Langfinger: _____ cm

4) Ringfinger: _____ cm

5) Veslefinger: _____ cm

● Kor kjem desse namna frå, trur du?



152


Teikn tre bord (\square) i rommet slik at det blir nøyaktig eitt bord ved kvar vegg.



153

Teikn oppå figurane med rett farge:


- Bruk på figuren som er merka med eit naturleg tal som ligg mellom 70 og 90.
- Bruk på figuren som er merka med eit tal som er større enn 30 og mindre enn 70.
- Bruk på figuren som er merka med det minste av dei oppgitte tala.
- Bruk på figuren som er merka med det største av dei oppgitte tala.



Marker rette vinklar i figurane med vinkelteikn.

154

Fortset mønsteret.



155

Viktor er lågare enn Sindre. Knut er høgare enn Sindre. Thomas er lågare enn Viktor. Skriv namna til gutane på rett stad.



156

Finn verdiane av summane og differansane.

$4 + 3 \quad \boxed{} \quad \boxed{}$

$3 + 6 \quad \boxed{} \quad \boxed{}$

$2 + 7 \quad \boxed{} \quad \boxed{}$

$7 - 4 \quad \boxed{} \quad \boxed{}$

$9 - 3 \quad \boxed{} \quad \boxed{}$

$9 - 7 \quad \boxed{} \quad \boxed{}$

$7 - 3 \quad \boxed{} \quad \boxed{}$

$9 - 6 \quad \boxed{} \quad \boxed{}$

$9 - 2 \quad \boxed{} \quad \boxed{}$

Samanlikn tala i likskapane i kvar kolonne.

Kva legg du merke til?

Samanlikn konklusjonen din med følgjande:

Dersom vi trekkjer eit ledd frå verdien av ein sum,
